

NR. 4

JUNI 1988

21. ÅRG.

## Takvam kapell nyvigsla



Deltakande prestar og biskopar under vigslinga av kapellet.

Frå v.: Res.kap. Harald Sundsbø, sokneprest Øyvind Øy, sokneprest Per Inge Eide, sokneprest Ingvar Fykse, biskop Per Lønning, sokneprest Finn Halle Tvedt, domprost Nils Monstad og biskop Tor With.

Meir om kapellet side 6, 7 og 12-13.

**BYGGJESTART FOR KYRKJELYDSHUS**

**S 4-5**

## GUDS «ANTIJANTELOV»


3 s. etter pinse  
1. Kor. 1. 26-31

«Det som står lavt i verden, det som blir foraktet, det som ingenting er, det utvalgte Gud seg for å gjøre til intet det som er noe, for at ikke noe menneske skal rose seg overfor Gud.» (1. Kor. 1,28-29).

Ved første øyeblikk kunne en nesten tro at det er Paulus som er opphavet til «Janteloven». «Du skalkke tro at du er noe». Men jeg er så glad for at Paulus ikke stanset med det. «Dere er hans verk ved Kristus Jesus, han som er blitt vår visdom fra Gud, vår rettferdighet, helliggjørelse og forløsning, for at den som roser seg, skal rose seg av Herren, slik det står skrevet» (v. 30-31). Paulus visste at da han inviterte Jesus inn i sitt liv, så ble han en ny skapning i Jesus Kristus (se 2. Kor. 5,17), og han fikk dermed del i guddommelig natur (se 2. Pet. 1,4). Jesus betydde så mye for Paulus at det var helt utenkelig for han å snakke nedsettende om Han so hadde tatt bolig i hjertet hans. Derfor kunne Paulus si: «Alt makter jeg i ham som gjør meg sterk.» (Fil. 4,13).

Kan vi si det samme? Guds Ord sier at vi skal rose oss av Herren, og ingen ting er for vanskelig for ham som bor inni oss. «For vi er hans verk, skapt i Kristus Jesus til gode gjerninger, som Gud på forhånd har lagt ferdige for at vi skulle gå inn i dem.» (Ef. 2,10). Gud ønsker at vi som Hans folk skal reise oss og ikle oss Hans kraft, slik at det norske folk kan få oppleve at Jesus lever. (se Jes. 60,1-3). Han kom for å fri menneskene ut av mørkets makt og sette dem over i Guds elskede sønns rike. (se Kol. 1,13). «For Guds rike består ikke i ord, men i kraft». (1. Kor. 4,20).

Berit Aabakken.



## FELLESMØTE I ARNA KYRKJE



Arne Gundersen og Egil Solheim.

Søndag den 4. september startar fellesmøta i Arna kyrkje. Talarar og songarar vert forkynnaren Emanuel Minos frå pinsemenigheten Filadelfia i Oslo og Arne Gundersen og Egil Solheim frå Den frie evangeliske forsamling.

Så langt vi veit er det første gongen det vert arrangert ein så omfattande felles møteserie i Arna, og vi ser med forventning fram til desse møta. Tidlegare har vi hatt fellesmøte på Bibeldagen, og det har vore fine og inspirerende samlingar.

Vi reknar med at det vert trangt om plassen i kyrkja dei dagane aksjonen varer. Mange kjenner desse forkynnarane frå møte andre stader, og for ei tid sidan var det og eit program med dei i fjernsynet. Det er difor mange som ser fram til å møte dei i Arna.

Møta vert førebudde av ein komite som er ansvarlege for opplegget, men vi er avhengige av støtte og forbøn, og vi oppmodar difor alle om å vere med å førebu aksjonen i bøn.

Vi har fått brei støtte for denne aksjonen i kyrkjelyden, og vi vonar den vil gje positivt resultat for arbeidet i Guds rike i Arna. Fellesmøta varer frå 4.-11. september.

## Innsats! – Jeg?

Ja, nettopp du kan være med å gjøre en innsats for Kyrkjelydshuset. I disse dager settes spaden i jorden og til jul er det meningen at huset skal være under tak. Nå gjelder det at vi alle står sammen om å gjøre en innsats.

Lørdag 19. november skal vi ha julemesse. I år har vi søkt om leie av Bjørnarhallen som vi håper går i orden. Det krever større opplegg. Vi trenger blant annet flere ting for salg.

Vil du bruke noe av din tid til å strikke, sy, brodere, snekre, dreie eller lage dekorasjoner av tørkede blomster? Eller har du andre idéer? Alt monner. Gavene kan leveres på Kyrkjekontoret i Borgstova.

For kirkeringene  
Gerd Øy


## KYRKJELYDSTUR 28. AUGUST

Kyrkjelydsturen går dette året til Masfjorden. Som vanleg vert det siste søndagen i august, og vi vert med på gudsteneste i Sandnes kyrkje på Masfjordnes. Ein komité med representantar frå begge sokneråda i Arna førebur turen. Program vil ein få i kyrkjene og på kyrkjekontora seinare. Påmelding kan ordnast gjennom kyrkjekontora.

## Ferie for prestane

Res.kap. Harald Sundsbø har ferie i tida 20.6.-18.7. Sokneprest Øyvind Øy har så ferie 18.7.-15.8. I ferietida kan prestekontoret i Ytre Arna vera stengt av og til i kontortidene. Då kan ein kontakta Arna kyrkjekontor i Borgstova i Indre Arna i staden. Tlf. 24 04 00.

# Kyrkjelydshuset i arbeid



Det har lenge vore planar og snakk om kyrkjelydshus i Arna sokn. Alt i 1977 vart det første vedtaket gjort om å byggja eit slikt hus, og sidan den tid har det vore innsamlingar og planleggingsarbeid på gang som sikkert er velkjent for dei fleste. No er det heile kome eit avgjerande steg vidare. 18. mai gjorde soknerdet vedtak om å starta byggjearbeidet og la det gå så lenge det er midlar.

Byggjekomiteén med formann Ingmar Ljones og byggjeleiaren Ingolf Froestad venta ikkje lenge etter at startsignalet var gjeve. Alt 1. juni var gravemaskinar på plass og alle kan no sjå at noko skjer.

— Kor tid er huset ferdig? Vi spør formannen i soknerådet, Leif Grøteide.

— Det er det uråd å svara noko sikkert på i dag. Men det første målet er å få reist råbygget og få tett hus. Det

har vi no midlar til, og etter våre planar vil det verta klart ved juletider. Soknerådet sin plan er så å byggja vidare for det ein har økonomi til. Det er no samla inn 1,3 mill. kroner, men å fullføra huset vil kosta mykje meir.

Han seier vidare at dugnadsinnsats vert ein vesentleg del av arbeidet med å reisa huset. Det er viktig at alle som kan tenkja seg å vera med på dugnad på ein eller annan måte, gjev melding til kyrkjekontoret.

Lokale krefter innan byggjebnansjen har stilt seg positive til prosjektet og lova å gjera ein innsats på ein rimeleg måte. Av desse kan ein nemna entreprenør Alfred Nyheim, røyrleggjar O. Vatle, byggmeister J. Garne/T. Romslo, elektrikar Korsvold og Nøklung ved levering av vindaugo og dører. Fleire pensjonistar som er fagfolk har og sagt seg villige til å arbeida gratis.

Dei som har fylgt planleggingsarbeidet, vil sjå at huset no ser annleis ut enn dei teikningar som før har vore framvist. Nokre endringar har kome i samband med å få godkjent bygget, og andre for å gje det ein mjukare form. Med tilråding frå distriktsantikvaren vert bygget ført opp i tre, og det er med på å gjera kostnadene lavare.

— Kyrkjelydshuset skal vera eit hus for heile Arna, understrekar soknerådsformannen vidare, og soknerådet trur at det er vilje i bygda til å få reist og ferdiggjort huset. Til det trengs hjelp: dugnadsinnsats, teneester som gjeld byggjearbeidet og ikkje minst økonomisk støtte.

Det kan då og vera på sin plass å minna om korleis ein kan gje gåver til kyrkjelydshuset:

Kyrkjelydshus i Arna,  
Vollavegen 45B  
5260 Indre Arna  
bankgiro: 8440.21.04243.

## Dugnad for kyrkjelydshus


Det er bruk for dugnadsinnsats til alle slags oppgåver. Dessutan er dugnad med på å gjera folk betre kjent med kvarandre.

Meld frå til Arna kyrkjekontor om du kan tenkja deg å vera med. Telefon: 24 04 00 eller 24 02 15.

Sei frå om du kan:

- 1) arbeida på dagtid ein eller fleire dagar i veka
- 2) arbeida på kveldstid ein eller fleire dagar i veka
- 3) arbeida på laurdagar

Dei som slik kontaktar kyrkjekontoret, vert kontakta tilbake. Det er bruk for deg!





ETIE er dagen som  
HErren har gjort  
lat oss jubla  
og gleda oss no ✦

Salme 118:24

Med denne illustrasjonen som bordkort, ynskte nemnda for Takvam kapell velkomen til fest på Tunes Bedehus etter nyvigsla av Takvam kapell søndag 5. juni. Ein stor gledesdag var det for alle som tok del både i kapellet og på festen etterpå. Og nemnda kan sjå attende på eit arbeid dei fekk mykje ros og anerkjenning for.

I kapellet var det gudsteneste, og sjølv om det hadde vorte utvida, vart nok plassen altfor liten denne gongen. Mange tok del frå kyrkjebakken utanfor, og i det fine veret let det seg godt gjera. Gudstenesta var ved biskop Per Lønning, og det var den først tenesta han hadde som biskop i Bjørgvin her i Arna. Domprost Nils Monstad innleia med å gje eit historisk oversyn over kapellet, og biskop Thor With og prestane Øyvind Øy, Finn Halle Tvedt, Ingvar Fykse, Harald Sundsbø og Per Inge Eide tok del med skriftlesing.


Biskop Lønning understreka i si helsing at sidan det hadde vore kapell her før og det var tale om ei nyvigsling, hadde det ikkje vore naudsynleg å gjera så stor stas ved dette høvet. Men den store lokale innsatsen som var gjort for å reisa huset, måtte han beundra, og han var glad for å vera med på denne festdagen.

Etter gudstenesta var det stor fest på Tunes Bedehus, og der var det tidlegare biskop i Bjørgvin, Thor With, som var festtalar.

Han helsa festlyden tilukke med kapellet, og i talen kom han og fram med gode personlege minne som skuleborn

frå Tunes hadde gjeve han då han var i det gamle kapellet under bispevisitas.

Ein stor stab med frivillige hadde dekkja til og serverte eit festmåltid, og då det vart gjeve høve til helsingar,



To sentrale personar ved reisinga av kapellet: Haldor Romslo som formann i nemnda for Takvam kapell og ivrig dugnadsarbeidar, og Trygve Romslo som byggmeisterar.

var det mange som tok ordet. Ført ute var ordførar i Bergen, Arne Næss. Han understreka pågangsmotet og oferviljen folk hadde hatt for å få realisert det nye kapellet, og frå Bergen kommune kom han med ei særskilt takk til Trygve Romslo som har vore byggmeister utan å ta noko betaling for det. Kyrkjevevje Rasmus Skurteit hadde og ordet og likeeins fleire av prestane som medverka.

Gåver til kapellet var det og: Bergen kommune hadde gjeve 30 salmebøker, Arna sokneråd og Tunes Indremisjon overrekte pengegåver, og husmorlaget hadde samla inn pengar og kjøpt høyreanlegg slik at dei som sat utanfor under gudstenesta også kunne høyra noko. Det vart og nemnt at Solveig Tesdal hadde sydd antependium til altaret i kapellet.


Nemnda for kapellet nytta høvet til å koma med ei varm takk og fin blomsterhelsing og gåve til Trygve Romslo og kona for det store gratisarbeidet han hadde gjort. Skulle noko menneske takkast for at kapellet står slik det står i dag, måtte det vera Trygve Romslo, vart det sagt i takkeorda.

Nemnda for Takvam kapell måtte også stilla opp, og utan det målretta

arbeidet dei har gjort desse åra, ville nok kapellet ha vore som før enno. Med i nemnda no er: Haldor A. Romslo, Kari Takvam, Klara Ulveseter, Trine Romslo Moe, Harry Tunestveit, Einar Nygård.



Ordførar Arne Næss helsar frå Bergen kommune.



Klara Ulveseter takkar biskopane.

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

### Arna sokn:

- 23.04: Ida Daviknes Borge, døypt i Os kyrkje.  
 24.04: Ina Sandal, Synne Thunestvedt, Vegard Håbrekke, Anders Øye.  
 22.05: Kim Erik Monsen, Skjåveland, Preben Vatile Hammersland, Steffen Haugsbø Andersson, Rosemary Hoff, Gina Rosland Eide, Camilla Myking Isdahl.

### Ytre Arna sokn:

- 17.04: Ida Benedicte Havre, Arvid Evensen.  
 24.04: Kamilla Andersen, døypt i Arna kyrkje.  
 01.05: Silje Helland Jensen. Aina Kristin Eide, døypt i Åsane kirke.  
 22.05: Tommy Kvamsdal Kjærland

## Ofringane i kyrkjelydane

### Arna sokn:

- |         |                         |            |
|---------|-------------------------|------------|
| 10.04.: | Det norske misjons-     |            |
|         | selskap                 | kr. 2781,- |
| 17.04.: | Barneverninst. Dronning |            |
|         | Mauds Minne             | kr. 1439,- |
| 24.04.: | Bergen Diakonisse       |            |
|         | hjem                    | kr. 1880,- |
| 01.05.: | Mellomkirkelig råd      | kr. 1204,- |
| 08.05.: | Kl.10.00 og 12.15:      |            |
|         | Kyrkjelydsarbeidet      | kr. 4618,- |
| 12.05.: | Luthersk teologisk      |            |
|         | seminar i Hong Kong     | kr. 1130,- |
| 15.05.: | Kl. 10.00 og 12.15:     |            |
|         | Kyrkjelydsarbeidet      | kr. 7820,- |
| 17.05.: | Arna Sønd.skolelag      | kr. 1997,- |
| 22.05.: | Dei fire diakoniinst.   | kr. 3149,- |

### Ytre Arna sokn:

- |        |                         |            |
|--------|-------------------------|------------|
| 17.04: | Institutt for sjelesorg | kr. 743,-  |
|        | Fastebøsser,            |            |
|        | Kirkens Nødhjelp        | kr. 3873,- |
| 01.05: | Kristne arbeideres      |            |
|        | forbund                 | kr. 606,-  |
| 08.05: | Kyrkjelydsarbeidet      | kr. 3123,- |
| 12.05: | Folkebevegelsen for     |            |
|        | livsrett og             |            |
|        | menneskeverd            | kr. 872,-  |
| 22.05: | Nordhordland Indre-     |            |
|        | misjon                  | kr. 1168,- |



## Vigde

- 16.04: Kjell Indrevær og Mona Bjånes.  
 16.04: Knut Arve Engesæt og Gro Tunes.  
 23.04: Fred Ivan Kvam og Gunfrid Boge.  
 23.04: Arvid Borge og Trine Daviknes, vigd i Os kyrkje  
 14.05: Alf Hals og Elin Janne Brandal  
 14.05: Lars Anders Martinsen og Merethe Vågene  
 21.05: Jostein Mjelde og Reidunn Håvarstein, vigde i Hausken kyrkje.

### Ytre Arna sokn:

- 16.04: Dag Arve Middtun og Borghild Marie Skadal  
 21.05: Willy Olausen og Grethe Marit Hosteland, vigde i Frøysæt kyrkje, Masfjorden.



## Døde

### Arna sokn:

- 12.04.: Anders Torgilstveit f. 1900  
 06.05: Kristi Frantzen f. 1903  
 07.05: Einar Kvilekval f. 1926  
 08.05: Anfinn Gjerde f. 1915

### Ytre Arna sokn:

- 11.04: Neumann Peder Boge f. 1918  
 17.04: Alfred Fjellanger, f. 1901  
 17.04: Lilly Markhus, f. 1904  
 20.04: Nils Hole, f. 1899  
 22.04: Johanna Mjøs, f. 1913  
 14.05: Magne Teigland, f. 1924  
 25.05: Gudrun Rolland f. 1920

## DÅPSSØNDAGAR

Det vert høve til dåp i kyrkjene desse søndagane:

Arna: 10.7, 7.8, 21.8, 4.9, 11.9 og 25.9  
 Ytre Arna: Det høver best dei søndagane det ikkje er nattverd: 3.7, 24.7, 7.8, 4.9, 25.9.

Ein kan og ha dåp når det er nattverd: 10.7, 31.7, 21.8, 11.9.

Ved dåp i Arna bør ein ta kontakt med prestekontoret i god tid, då det ikkje alle søndagar er plass for alle som spør.

## Konfirmantinnskriving

VELKOMMEN TIL NYTT KONFIRMANTÅR.

Tida for innskriving av konfirman- tar for konfirmantåret 1988-89 er fastsett. I Arna sokn vert det slik:

Lone Skule: tirsdag 14. juni.  
 Ådnamarka skule: tirsdag 14. juni.  
 Garnes ungdomsskule: onsdag 15. juni.

I Ytre Arna sokn vert det: Kyrkjelydshuset: tirsdag 14. juni.

Alle stader møter jenter kl. 18.00 og gutar kl. 19.00. Dei som ikkje er døyp- te i kyrkjene i Arna, tek med dåpsat- test.



TRO  
OG  
LIDELSE

Hjelp til Kristen livstydning, har professor Tore Wigen ved Menighets- fakultetet sett som undertittel på den- ne boka. Som professor i religionsfilo- sofi skulle han og vera velkjent med dei tankar menneske har gjort seg om desse vanskelege spørsmål opp gjen- nom tidene. Men denne boka er ikkje noko tung og vanskeleg avhandling å lesa, men ei lita lettlesne bok som tek opp viktige spørsmål som mange gjer seg tankar om: Kan det finnast ein Gud når det er så mykje vondt i ver- da?

Men framfor alt er det også ei per- sonleg bok. Nokon minnest kanskje ungguten som døydd av hjernehinne- betennelse på tokt med Christian Ra- dich i Amerika for nokre år sidan. To- re Wigen er far til denne guten, og hans eiga oppleving av smerte og sorg i denne hendinga er med som bak- grunn og han tileignar boka: «Til min-

## Utsendingar til bispedømmemøte



Bispedømmemøtet for Bjørgvin var dette året i Os tidleg i april. 230 utsen- dingar frå heile bispedømet var sam- la. Til dette møtet vel kvar kyrkjelyd ein utsending, og frå Arna møtte sok- nerådsformennene Nils Kåre Olsen og Leif Grøteide. Leif Grøteide møtte som vararepresentant for Kjartan Hollekve.

Dei kunne fortelja om svært travle dagar og interessante drøftingar. Forutan godkjenning og rekneskap og årsmelding frå bispedømmerådet var det ei rekkje aktuelle saker for kyr- kjelydane som stod i sentrum. Av sak- lista nemner vi: Gudstenestelivet i kyrkjelydane, kyrkja sin arbeidsgje- varorganisasjon, kyrkjeleg arbeid for flyktingar og asylsøklarar, plan for diakoni i den norskekyrkja og tilsetjing- og instruksjonsprosedyrar i Bjørgvin bispedømme.

ne om Magne. Tilegnet alle som kjem- per for å fullføre løpet og bevare troen.»

For dei som er opptekne med desse spørsmåla, er dette ei god bok å lesa.

Tore Wigen  
Tro og lidelse  
Credo Forlag 1987

Harald Sundsbø

## MØTE

### Betania, Lone

- 12.6: Møte v/Ungdomsforeninga
- 16.6: Møte v/Misjonssambandet
- 19.6: Møte v/Santalmisjonen
- 23.6: Y-Ungdom
- 25.6: Ungdomskveld
- 26.6: Møte v/Indremisjonen
- 30.6: Nattverdmøte
- 03.7: Møte v/Ungdomsforeninga
- 10.7: Møte v/Misjonssambandet
- 17.7: Møte v/Indremisjonen
- 24.7: Møte v/Ungdomsforeninga
- 31.7: Møte v/Misjonssambandet
- 07.8: Møte v/Indremisjonen
- 14.8: Møte v/Ungdomsforeninga
- 18.8: Nattverdmøte
- 21.8: Møte v/Misjonssambandet
- 25.8: Møte v/Indremisjonen
- 26.8: Y-ungdom, ripsfest
- 27.8: Ungdomskveld
- 28.8: Møte v/Indremisjonen
- 01.9: Møte v/Ungdomsforeninga
- 04.9: Møte v/Ungdomsforeninga
- 08.9: Møte v/Misjonssambandet
- 10.9: Samlingsfest

### Ytre Arna bedehus

- 04.9: Samlingsfest og åpning av nybygget

## Kyrkjeskys

- |        |                  |               |
|--------|------------------|---------------|
| 03.07: | Harald Røsland   | Tlf. 24 08 70 |
| 10.07: | Konrad Borge     | Tlf. 24 00 31 |
| 07.08: | Sverre Myklebust | Tlf. 24 29 05 |
| 14.08: | ISvein Mjelde    | Tlf. 24 28 71 |
| 21.08: | Ingrid Hope      | Tlf. 24 08 08 |
| 28.08: | Harald Røsland   | Tlf. 24 08 70 |
| 04.09: | Konrad Borge     | Tlf. 24 00 31 |
| 11.09: | Sverre Myklebust | Tlf. 24 29 05 |
| 18.09: | Svein Mjelde     | Tlf. 24 28 71 |
| 25.09: | Ingrid Hope      | Tlf. 24 08 08 |

NB! Siste del av juli må dessverre gå ut p.g.a. fellesferie.

**Kyrkjeskys frå kyrkja for dei som bur i Tunes-området.**

Du kan gi beskjed til kyrkjevarten når du kjem til kyrkja at du treng skys heim, og det vert ordna med skys innover stranda.

Velkommen til kyrkja!

## JONSOK

### Av Vigdis Berland Øystese

I tidlegare tider feira kyrkja jonsok eller sankthansdagen (24. juni) til minne om døyparen Johannes. Både Jon og Hans er gamle nordiske kortformer av namnet Johannes. Sankt tyder heilag. Ordet Jonsok er laga av Jonsvoke. Det var vanleg å vaka midtsommarnatta, den stuttaste natta i året.

Men dei gamle skikkane som er knytte til jonsok, har lite med kristendomen å gjera. Midtsommarnatta var fylt av åndemakter, trudde folk. Det galdt å verja seg mot vonde vetter og utnytta dei magiske timane slik at ein hadde gagn av det resten av året. Store bål vart plasserte på strategiske stader for å halda vondemaktene på fråstand. Støy kunne også halda uvesenet borte. Difor var det vanleg å skyta med borse, spela, syngja og dansa.

Husa vart pynta med lauv og blommar, eit teikn på at ein ynskte lukka for liv og grøde. Heile naturen var særleg kraftfull jonsoknatta, og mange urter vart hausta mellom anna for å nyttast som medisn. Ugift ungdom kunne fletta ein krans av ni ulike slag blommar og leggja han under hovudputa si. Då kunne dei ha von om å få sjå den dei skulle få til ektemake, i ein draum.

Vatnet vart ofte helsegjevande. Mange drog på pilgrimsferder for å finna heilage kjelder eller andre mirakelstader, gjerne knytte til kyrkjeane. I Røldal kyrkje var det til dømes eit krusifiks som hadde særleg lækjande kraft denne eine gongen i året.

## Takvamstemne

Nemnda for Takvam kapell innbyr dette året til Takvamstemne søndag 21. august kl. 16.00. Program vert kunngjort seinare. Det tek til med gudsteneste i det nye kapellet, og folk frå begge sider av fjorden er velkomne.

## MISJONSARBEID

### Gut frå Bangladesh kan 302 bibelvers utanåt

På ein leir i Adampur i Bangladesh, der Den norske Santalmisjon har arbeid, vart det nyleg arrangert ein konkurranse om kven som kunne flest Bibelvers. Ilis gjekk til topps, han kunne 302 vers utanåt. Andre mann kunne 271 og tredjemann 239. Kan nokon gut eller jente i Noreg fleire, eller ligg unge i Bangladesh langt føre kristen ungdom i Noreg når det gjeld Bibelkunnskap? (KPK)

### 1000 er blitt kristne på eitt år

— Vi står midt opp i eit fantastisk misjonsarbeid i Etiopia. Det er vekking som aldri før. I Gudji-stammen er det registrert omlag 1000 nye kristne på eitt år, opplyser misjonssekretær Osvald Hindenes i Norsk Luthersk Misjonssamband til avisa Dagen.

### Fleire misjonærer til Senegal

— Folk er opne for forkynninga, dei kjem i flokkevis for å høyra. Det er generalsekretær Nils Dybdal-Holthe som seier dette etter ein tur til Senegal der Den Norske Muhammedanermisjon har arbeid. Det trengst fleire misjonærer til å gå inn i tenesta her.

## Sommartid er leirtid

Å reisa på leir er noko mange har opplevd som fint. Kyrkjelydsbladet har fått tilsendt program frå fylgjande organisasjonar:

Det Norske Misjonsselskap, Ø. Korskirkealm. 9, Bergen, tlf. 31 00 61.

Den Norske Santalmisjon, Ø. Korskirkealm. 5, Bergen, tlf. 31 60 90.

Norsk Luthersk Misjonssamband, C. Sundtsgt. 2, Bergen, tlf. 32 12 52.

Bergen Søndagsskolekrets, Ø. Korskirkealm. 5, Bergen, tlf. 31 20 32.

Ved disse kontora kan ein få nærare opplysningar, og dei har ei rekkje tilbod til alle aldersgrupper. Dei arrangerar leirar for born, ungdom, familjar.

## NY STYRAR I BARNEHAGEN



Stillinga som ny styrar i Arna kyrkjelyd sin dagheim har vore utlyst på nytt. Denne gongen var det fleire søkjarar, og av desse vart Vigdis Moltu tilsett. Ho tok til som avdelingsleiar i barnehagen, og har og vikariert i styrarstillinga ei tid.


## Oasestevnet i Skien: Søkelys på Guds rike

På sommerens OASE-stevne i Skien 13.-17. juli, er temaet «*Et rike i ånd og kraft.*» Hovedtalerne blir Michael Green, velkjent britisk bibellærer og skribent og Bob McGee, pastor i John Wimberson nordamerikanske Vineyard-bevegelse. Biskop Bjørn Bue, Jan Gossner, Eivind Frøen og Kjell-Petter Dahl skal også i ilden, ved siden av Jørgensen selv og andre ledere i Oase-bevegelsen.

Sjelesorg, forbønn og lovsang får også bred plass på stevnet. Lars Mrlid og Peter Sandwall leder sangen. Det blir et eget opplegg for barna, og «tenårings-OASE» for de unge.

Hvis du ikke allerede har fått stevneprogrammet, kan du bestille det fra OASE-kontoret, Dalbakkveien 39, 0682 Oslo 6. Telefon (02) 27 07 90.

# Takvam kapell 1926-1988



I samband med vigslinga av kapellet, vart det gjeve ut ei fin trykksak om historia til kapellet. Frå denne trykksaka tek vi med ein del opplysningar her i Kyrkjelydsbladet.

## Gravstad først

Gravplassen på Takvam vart vigsla av biskop Eriksen i 1912. Gardane på andre sida av Sørfjorden, frå Vimmelvik til Vikne, sokna og til Takvam gravstad.

Lærer Kristine Brunborg tok initiativet til byggjing av eit kapell på Takvam. Saman med leiande menn i bygda, skreiv ho ut ei liste der bygdefolket skulle gje pengar til eit kapell. Lista er datert Takvam, 6. januar 1922 og er underskriven av Knut Tunes, Karl Herland, Johs. W. Tunes og

Kristina Brunborg.

Det var ikkje så mykje pengar mellom folk på denne tida og fram til 31. desember 1925 var det kome inn på lista kr. 865,50. Ved sida av listeinnsamlinga arbeidde 7-8 kvinnelag for å skaffa midlar. Kvinnene på nordsida av Sørfjorden var også med. Handelsmann Karl Herland var mykje interessert i at dei måtte få reist kapellet snarast råd, og i 1925 lånte han byggjenemnda kr. 2.65 slik at byggjearbeidet kunne starte. Byggmeister Ivar Namtveit frå Vikne laga teikningar, og Anders Koppen frå Ytre Arna sette kapellet opp. Med i byggjenemnda var: Knut Tunes, Johs. Tunes, Karl Herland, Ole Herland og Lars Brunborg.

## Kapellet vigsla

Skjærtorsdag 1. april 1926 vart kapellet vigsla av prost Vasstrand. Mykje folk var samla, og det var ein stor dag på både sider av Sørfjorden. Kapellet sto ferdig til kr. 4.700, måla og med elektrisk ljós. Mykje arbeid var gjort på dugnad.

Kapellet vart nytta til opphaldsrom og gravfylgje, garderobe for presten, søndagsskule, møter og einstilte gudstenester. Drifta av kapellet vart først teken over av Haus kommune, seinare av Arna kommune. I tida fram til kommunesamanslåinga med Bergen, vart det arbeidd med å få eit større kapell.

## Arbeid for nytt kapell

I 1971 laga arkitekt A. Vold, etter oppdrag frå Arna kommune, teikning til nytt kapell med sal til 100 menneske, bærerom og andre naudsynte rom. Dette var kostnadsrekna til over 3 mill. kr., noko som gjorde at det vart for kostbart å realisera.

I 1978 vart Nemnda for Takvam kapell utnemnd (eit arbeidsutval under Arna sokneråd).

I første omgang fekk dei til oppdrag å skaffa nytt inventar i kapellet. Då arbeidsoppdraget var fullført i 1980, vart det sett nye mål – utviding av kapellet.

I åra 1980-86 var det til saman meir enn 50 skriv, møte og synfaringar. Nemnda kontakta arkitekt A. Vold som teikna forslag til utviding. På grunnlag av dette forslaget, med nokre endringar, laga Byggprosjektavdelingen ved Bergen kommune teikningar til eit nytt kapell i 1987.

Meininga var å bevare den eine delen, medan tårnfløyen og ein del av kyrkjesalen m/birom skulle byggjast nytt. Det viste seg seinare at den gamle delen var prega av råteskader og måtte rivast, med den følgje at heile kapellet vart nybygd.

Nemnda ordna med tilleggsareal. Dette er ei gáve frå Olav og Kristian Takvam.

## Byggjeløyve og pengar

Byggjeløyve vart innvilga 16.06.86. Som julegáve 1986 fekk ein melding

om at det var budsjettert kr. 600.000 til kapellet. Då vart det for alvor fart i sakene. Ein dugnadsgjeng felte granane. Det gav eit tillegg til eigenkapital på kr. 60.000. Formannen og varaformannen i Hovedutvalg for bolig og bygg vedtok på sommarfullmakt den 16. juli 1987 å godkjenne Byggeavdelingen sine planar for utviding av Takvam kapell datert 12.05.1987 og løyve kr. 700.000 til gjennomføring av arbeidet.

Den bygningstekniske konsulenten for nemnda for Takvam kapell, Byggmeister Trygve Romslo tok på seg ansvaret med oppføringa av bygget.

Arbeidet starta opp sommaren 1987.

## Kapellet i dag

Kapellet har ein bruttoflate på omlag 80 m<sup>2</sup>, fordelt på kyrkerom (44m<sup>2</sup>) med 80-90 sitteplassar, stollager (6m<sup>2</sup>) og kombinert tekjokken/sakrestri med eigen inngang frå terreng. I tillegg er det lagerrom i klokketårnet. Ei loftstrapp i sakrestiet gjev tilgang til klokketårnet. Kyrkerommet er bygd på den gamle grunnmuren, etter at den vart heva omlag 0,5 m. Resten av kapellet er bygd på nytt fundament. Av tekniske installasjonar kan nemnast nytt elektrisk opplegg, ventilasjonsvifte, og vatn- og kloakkinstallasjonar inkl. septiktank. Det er i utforminga av bygget lagt vekt på å nytte element frå det gamle kapellet både innvendig og utvendig.

## Kostnader

Rekneskapet viser eit utlegg på kr. 698.000. Av dette er 170.000 godtgjeving for prosjekteringsutgifter og honorar til byggjeavdelinga i Bergen kommune. Byggmeister Trygve Romslo gav tilbod på 510.000 kr. for å reisa kapellet medrekna moms og utgifter til tekniske installasjonar. Han rekna då ikkje løn for seg sjølv, men fakturerte berre materialutgifter og rekningar frå underentreprenørar. Den store innsatsen han sjølv med det har gjort, har nok vore ein avgjerande grunn til at kapellet i dag står ferdig.

## 60-års konfirmantar i Ytre Arna



Søndag 5. juni var dei som vart konfirmerte 7. oktober 1928 særskilt innbedne til gudstene-sta i Ytre Arna kyrkje. Etter samling i kyrkja, vart det god tid til å utveksla minner i Kyrkjelydshuset.

På biletet ser vi: bak frå v. Res.kap. Harald Sundsbø, Erling Endresen, Birger Petersen, Karl Angelskår. Framme frå v.: Nelly Steinsland, Anna Valestrand, Anna Bergljot Sæther og Johanna Haugland.

### ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30  
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39: Tlf.24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11. 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ragnhild Rein, Hilde Rohde.

Harald Sundsbø, Laila Ueland.

Forretningsfører: Eivør Hellesø.

Bladpengar: kr. 30,- adr: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

 a.s. Sarepta

5260 Indre Arna

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossst. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

## Kranser Bårebuketter Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09

ARTHUR HOPE

Banken i Arna frå 1866

## SPAREBANKEN



AVDELING ARNA

– til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV – Elektrisk – Belysning.

Hugs at vi har lavaste pris,  
og det De kjøper her  
kan De få reparert her.

## ARNA ELKJØP A/S

Arnatveit – telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største  
kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP

## FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk,  
der alle kundar, store og små,  
er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK  
avd. Arna

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes.

Transport med egen bil.

Annonser, sanger, sloyfer.

Monumenter besørjes oppsatt.

## DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for

Bil – Båt og  
varetransport

# N

NOROL

## ARNATVEIT AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen  
ved J.B. Myklestad.



# Velkommen til kyrkje

- Juni 12.** 3. s. etter pinse. Tekst: 1. Kor. 1. 26-31.  
Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. FAMILIEGUDSTENESTE. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. FAMILIEGUDSTENESTE. Takkoffer til kristent innvandringsarbeid.
- Juni 19.** 4. s. etter pinse. Luk. 15. 11-32  
Arna kl. 11.00: Stiftskap. Ivar Molde. Nattverd. Takkoffer til Norges kirkesangerforbund.  
Trengeid kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- Juni 26.** 5. s. etter pinse. Tekst: Joh. 8. 2-11  
Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Takkoffer til Den norske Tibetmisjonen.  
Ytre Arna kl. 11.00: Studentprest Jon Henrik Gulbrandsen. Takkoffer til Kristent arbeid blant blinde.
- Juli 03.** 6. s. etter pinse. Tekst: Matt. 16. 13-20.  
Arna kl. 11.00: Sjukehusprest Audun Tang. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.  
Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Takkoffer til Kristen Idrettskontakt.
- Juli 10.** 7. s. etter pinse. Tekst: Matt. 16. 24-27.  
Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Takkoffer til Samemisjonen.  
Ytre Arna kl. 11.00: Sjukehusprest Rasmus Lassen. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Sosialteneste.
- Juli 17.** 8. s. etter pinse. Tekst: Matt. 10. 28-31.  
Arna kl. 11.00: Biskop Olav Hagesæther. Nattverd. Takkoffer til Internasjonal Massemedia Institutt.  
Trengeid kl. 11.00: Sokneprest Øy.
- Juli 24.** 9. s. etter pinse. Tekst: Ap.gj. 20. 24-32.  
Arna kl. 11.00: Krinssekr. Nils Peder Kjetså. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.  
Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
- Juli 31.** 10. s. etter pinse. Tekst: Lukas 12. 42-48.  
Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Blå Kors.  
Ytre Arna kl. 11.00: Akademilektor Arve Brunvoll. Nattverd. Takkoffer til Amnesty International.
- Aug. 07.** 11. s. etter pinse. Tekst: Johs. 6. 66-69.  
Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Den indre sjømannsmisjon.  
Ytre Arna kl. 11.00: Redaktør Finn Jarle Sæle. Takkoffer til Kristeleg kringkastingslag.
- Aug. 14.** 12. s. etter pinse. Tekst: Matt. 21. 28-31.  
Arna kl. 11.00: Misjonsprest Tor Dag Kjosavik. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.  
Trengeid kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Dronning Mauds Minde.
- Aug. 21.** 13. s. etter pinse. Tekst: Matt. 12. 33-37.  
Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Takkoffer til Bjørgvin bispedømmeråd.  
Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Døves menighet.
- Aug. 28:** 14. s. etter pinse. Tekst: Matt. 5. 43-48  
Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS.
- Sept. 04:** 15. s. etter pinse. Tekst: Salme 103. 1-6.  
Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy og kateket Rodal. KONFIRMANTPRESEN-TASJON. Søndagsskole. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. KONFIRMANTPRESENTASJON. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- Sept. 11:** 16. s. etter pinse. Tekst: Luk. 10. 38-42.  
Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø og kateket Rodal. KONFIRMANTPRE-SENTASJON. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskole.  
Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Hvite Bånd.

Frist for innlevering av stoff til nr. 5: 15. august.